



Arkivnr: 2019/2273-1  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Henvending om vurdering av HFK sine forpliktingar og ansvar i høve Économusée Fjordtynna

### Bakgrunn for saka:

Kultur og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune inviterte sekretariatet til eit møte 7.11.2018 der dei orienterte om utfordringar knytta til vegtilkomst til Économusée Fjordtønna i Samnanger kommune. I møtet signaliserte vi at den beste løysinga på å få avklart desse utfordringane var om fylkeskommunen nytta advokat til å få gjort ei vurdering av saka. Dersom dei likevel ønskte å legge fram saka for kontrollutvalet til vurdering lovde vi å kunne bidra til det. På bakgrunn av dette mottok vil vedlagte brev dagsett 11.02.2019, vedlegg 1.

For å få meir informasjonen om kva desse utfordringane går på etterspurde vi bakgrunnsinformasjon som ligg til grunn for denne henvendinga slik at kontrollutvalet kan ha eit betre grunnlag for å vurdere saka. Vi fekk tilsendt relativt omfattande dokumentasjon og deler av dette ligg ved som vedlegg 2. I staden for å legge ved all aktuell dokumentasjon har vi vald å lage ei oppsummering av slik vi oppfattar saka, under drøftingspunktet nedanfor.

### Drøfting:

Kort fortald gjeld denne saka at det viser seg at det ikkje er mogleg å køyre buss på den kommunale vegen som går fram til Fjordtønna sine lokale i Samnanger kommune slik kravet er for einingar som er med i prosjektet Économusée. Produksjonen til Fjordtønna byggjer på dei gamle bøkkertradisjonane i regionen. Dersom veien ikkje vert utbetra risikerer Fjordtønna å mista sin status som Économusée.

Norges Vel, som har overtatt ansvaret for Économusée etter Hordaland fylkeskommune, meiner at Samnanger kommune er avtalerettsleg forplikta til å utbetre vegen på bakgrunn av korleis tidlegare ordførar involverte seg i prosessen fram til at Fjordtønna fekk status som Économusée. Samnanger kommune har fått KS-advokatane til å vurdere dette og dei konkluderer slik i notat dagsett 01.04.2018 som ligg ved:

*«Etter min vurdering kan jeg vanskelig se at kommunen kan anses å ha en juridisk plikt til å utbedre veien. Spørsmålet om veien skal rustes opp vil derimot måtte bero på politiske vurderinger, hvor også hensynet til*

*kommunens omdømme vil være av betydning. Ved denne vurderingen er det etter mitt syn viktig å få avklart hva den tidligere ordføreren har kommunisert i saken.»*

I brev frå Fjordtønna v/ Johannes Tysse dagsett 16.08.2018 som ligg ved kjem det m.a. fram desse påstandane:

- Kommunal tilkomstveg til Fjordtønna er ikkje brukande til bussar
- Det vert hevda at HFK har sagt at forutsetninga for å bli Économusée var at det måtte vera tilkomst for buss
- Eigar av Fjordtønna hevdar at han hadde teke opp vegtilkomst gong på gong med fylkeskommunen og fekk forsikring om at dette var under kontroll og med avtale med Samnanger kommune
- Avtalen viste seg berre å vera munnleg, og kommunen har no gått frå den.
- Eigar meiner fylkeskommunen har eit ansvar og at eigarane er førd bak lyset både av fylkeskommunen og kommunen.

Av brevet frå kultur og idrettsavdelinga går det fram at det er ønskjeleg at kontrollutvalet syter for ei avklaring kring følgjande:

- Kva ansvar og forpliktingar har Hordaland fylkeskommune i høve si handsaming av Économusée Fjordtønna ovanfor eigar av Fjordtynna og evt. Samnanger kommune?
- I tillegg ser me også behov for ei evaluering av fylkeskommunen si forvaltingspraksis i denne bestemte saka.

Slik sekretariatet ser det er dette ei enkeltsak og kontrollutvalet skal som hovudregel ikkje handsame enkeltsaker. Dersom ei, eller fleire enkeltsaker, kan indikere at det kan vera utfordringar med system og rutinar for vurdering av om ein bør få status som Économusée kunne kontrollutvalet vurdert om dei burde gjennomført ein forvaltningsrevisjon på området. Slik vi ser det er det ikkje ting som tyder på det i dette tilfellet, sidan det er ei enkeltsak som er komme opp. Vidare er det også slik, som går fram overfor, at Norges Vel har overtatt ansvaret for Économusée etter Hordaland fylkeskommune. Dersom ein også tek omsyn til at kontrollutvalet, som alle andre må prioritere dei tilgjengelege ressursane på best mogleg måte, meiner sekretariatet at det ikkje vil vera rett bruk av kontrollutvalet sine revisjonsressursar å nytta dei på denne saka.

Slik vi ser det vil det vera meir føremålstenleg at fylkesrådmannen vurderer å nytte fylkeskommunen sin advokat til å få gjort ei vurdering av dei to spørsmåla frå kultur og idrettsavdelinga.

#### Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at kontrollutvalet seier nei til å bruke revisjonsressursar på denne saka. Det vert i staden tilrådd at kontrollutvalet foreslår at fylkesrådmannen vurderer å nytte fylkeskommunen sin advokat til å få gjort ei vurdering av dei to spørsmåla frå kultur og idrettsavdelinga.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å bruke revisjonsressursar på denne saka.
2. Kontrollutvalet foreslår i staden at fylkesrådmannen vurderer å nytte fylkeskommunen sin advokat til å få gjort ei vurdering av dei to spørsmåla frå kultur og idrettsavdelinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Economusee Fjordtynna - Vurdering av HFK sine forplikingar og ansvar i saka.
- 2 Diverse dokumentasjon vedrørende Fjordtønna